

Uttale om Bratsbergbanen

Midt-Telemarkrådet ser positivt på regjeringa si satsing på fleire avgangar på Sørlandsbanen. Dette vil styrke togtilbudet gjennom Telemark og føre til at fleire telemarkingar brukar tog framfor bil til arbeids- og fritidsreiser, seier rådet i ei uttale frå sitt siste møte. Rådet meiner derfor at det er feil tidspunkt å leggje ned Bratsbergbanen nå. Dette begrunnar ein med at fleire avgangar på Sørlandsbanen gjev moglegheit for kobling med Bratsbergbanen på Nordagutu, som gjev toget kortast reisetid for arbeidsreiser mellom Grenland og Kongsberg noko som vil føre til sterk trafikkvekst. Arbeidspend-

ling mellom Grenland og Kongsberg er i sterk vekst, seier Midt-Telemarkrådet. I sin uttale seier rådet vidare at Telemark fylkeskommune har kome langt i arbeidet med å finne løysningar for elektrifisering av banen heilt frem til kollektivterminalen på Notodden, som muliggjer å satse på moderne elektrisk materiell på strekninga. Tilsvarende banestrekningar som Arendalsbanen beheld statlig kjøp. Når matebane til Sørlandsbanen støttast i eitt fylke burde det same gjelde for Telemark, seier Midt-Telemarkråde i sin uttale.

Vil spele på lag med n

Ordførar Olav Kasland seier at Bø kommune vil gå audmjukt til verks for å få til ein Midt-Telemarkkommune med tre, eller aller helst fire, kommunar saman.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

– Den litt humoristiske overskrifta i eit tidlegare Bø blad, «Elt til Bø», er absolutt ikkje arbeidstittelen for Bø kommune i prosessen fram mot ei kommunesamanslåing som kjem innan knappe to års tid.

Det sa ordførar Olav Kasland til ei lydhør forsamling på Bø Prestegard sist veke.

Det var stiftinga Bø Prestegard som arrangerte folkemøtet om kommunesamanslåing, og det var ei vaksen forsamling på omlag 30 som fekk høyre ordførarens tankar om den pågåande prosessen.

Først Lifjell rundt

Ordføraren gav forsamlinga både kommunens offisielle haldningar og sine personlege meiningar om kva ein trur blir utgangen på kommunereforma. Han er rimeleg sikker på at Bø kommunestyre kjem til å gå inn for ein Midt-Telemark-kommune bestående av Sauherad, Nome og Bø, gjerne med Seljord som fjerdepart om ein ønskjer det.

– Me må ta nokre vegval undervegs. Det første blir å ta stilling til ein storkommune Lifjell rundt, sa Kasland.

Det er bestemt at saka skal opp i alle kommunestyra i Lifjell rundt-kommunane på same dag. Dato for det er 29. januar 2015.

Trur på Midt-Telemark

Ordføraren presiserte at Bø kommune går svært audmjukt inn i arbeidet med å få til ein Midt-Telemarkkommune. Han peika på at oppslaget i lokalavisa om at «elt skal til Bø» medfører behov for mykje brannsløkking i Nome og er med på å skape problem for ei kommunesamanslåing med Nome.

– Det blir garantert mykje kranling og tautrekking om både kommunenamn, kor kommunehuset skal stå og kvar «ditt og datt» skal vere, sa han, og la til



Folkemøte om kommunesamanslåing. Ordførar Olav Kasland innleia med informasjon om kommunereforma og delte til slutt sine egne tankar om korleis han trur framtidens kommune i Midt-Telemark vil sjå ut. Møtet blei halde på Bø prestegard.

at det viktige blir å stå saman og bli einige.

Kasland seier han er sikker på at ein Midt-Telemarkkommune med tre eller fire kommunar vil bli ei robust eining med over 15.000 innbyggjarar.

– Eit alternativ med berre Bø og Sauherad vil ikkje staten akseptere. Går Nome til Grenland må me samarbeide enten med Seljord eller også Notodden, spådde han.

– Staten vil sørge for at det vil lønne seg å bli ein kommune med minst 15.000-20.000 innbyggjarar, sa Kasland.

Konkluderte

Kasland trakk opp det han meiner

er viktige moment når ein vurderer samanslåing.

– Det er nå berre snakk om kven me skal slå oss saman med. Det er ikkje aktuelt å stå aleine. Me må tenkje 10-20 år fram i tid, og me kan ikkje la oss styre av økonomiske effektar på kort sikt. Kommunanes inntektssystem vil uansett bli endra, sa han.

Kasland peika på at den yngre delen av befolkninga ikkje bryr seg om kommunegrensar.

– Dei unge i Bø er Bø-patriotar, men ikkje Bø kommune-patriotar, sa han.

Han skisserte også opp eit løp framover der ting vil skje raskt.

– Seinast innan halvtanna år skal ein bestemme dette. Då må

me gjere vedtak om kven me skal slå oss saman med, sa han, og la til at 1. januar 2019 vil dei nye kommunane vere på plass.

Eit alternativ som kan segle opp mot slutten dersom ikkje dagens mest aktuelle inndelingar slår til blir ein verkeleg storkommune. Det blir skissert ein stor bykommune som omfattar både Grenland, Midt-Telemark og Notodden. Ei slik eining kan organiserast med bydelsutval i dei forskjellige regionane.

Statslekkasje

I Noreg er det gjort vedtak om at alle kommunane i landet skal gje akkurat dei same tenestene til innbyggjarane sine, enten kom-

munen er liten eller stor. Kasland sa han hadde høyrtd signal om at eit ekspertutval føreslår at ein går vekk frå dette prinsippet, og han kalla det eit paradigmeskifte i kommune-Noreg.

Stor einighet

Etter innlegget frå ordførar Olav Kasland blei det opna for debatt og innspel frå salen. Eit titals personar kom med kommentarar og spørsmål. Fleire kom inn på val av kvar kommunesenteret skal ligge og korleis ein ny organisasjon skal byggjast.

– Ingen ting er klart. Dette må me kome fram til i fellesskap. Det som er klart er at me skal produsere tenester for innbyggja-